

Prisar og stipend

Årets bedrift

Fylkesprisen Årets Bedrift 2021 gjekk til Nansen Polar Expeditions AS frå Smøla. Bedrifta bygger ekspedisjonar, tilpassa etter kunden sine ønske. Dei har to ekspedisjonsskip og arrangerer ekspedisjonar både i Arktis og Antarktis. Nansen Polar Expeditions AS brukar lokale råvarer og har fått ekstrem internasjonal merksemd. [Les meir om prisvinnarane og utdelinga på mrfylke.no](#)

Fylkeskulturprisen

Hjørundfjord Kulturvernlag tildelt Fylkeskulturprisen 2022. Kulturvernlaget har som oppgåve å ta vare på og restaurere fysiske kulturminne, registrere kulturminne og hjelpe eigarar av kulturminne med å ta vare på desse. Dei var ein sterk pådrivar for at Hjørundfjorden er med i ordninga Utvalde kulturlandskap (UKL) [Du kan sjå intervju med prisvinnarane frå utdelinga i desember](#)

Miljøprisen

Nordic Wildfish frå Valderøya i Giske fekk tildelt Miljøprisen 2022. – Nordic Wildfish er eit forbilde for andre som driv innan fiskeribransjen i Møre og Romsdal. Dei er med på å bevisstgjere næringa om kva påverknad dei har på havet og det marine miljøet, og på å skape haldningsendringar blant tilsette og alle som jobbar med havnæringar, sa Henrik Stensønes (Sp), leiar i kultur-, næring- og folkehelseutvalet. [Du kan sjå intervju med prisvinnarane frå utdelinga i desember](#)

Inkluderings- og mangfaldsprisen

Møbelprodusenten Ekornes mottok inkluderings- og mangfaldsprisen 2021. - Fast arbeid gir unike moglegheiter til integrering og forankring i lokalsamfunna våre, og det er ein dørøpna til det norske samfunnet. Gjennom godt arbeid og ein god kultur har dei vist ein stor innsats for å skape like moglegheiter, meir inkludering og mangfald i arbeidslivet, sa Marit Krogsæter (Sp), leiar i kultur-, næring- og folkehelseutvalet. [Sjå videointervju med prisvinnarane frå utdelinga](#)

Årets lærling

Iver Hamre frå Rauma vart kåra til årets lærling. Isterk konkurranse med 29 andre nominerte, skilte Iver seg ut. Lærlingen i bilfaget leverte ei fagprøve utanom det vanlege, og i følge lærebedrifta tok han utfordringar på strak arm og leverte høg fagleg kvalitet gjennom heile læretida. [Du kan lese meir på mrfylke.no](#)

Årets regionbygger

Nyttårskonferansen deler ut prisen Årets regionbygger til ein person, organisasjon, bedrift eller offentleg aktør som har utmerka seg på ei enkeltsak eller over tid som ei samlande kraft i fylket - eller har tatt spesielt initiativ som bygger Møre og Romsdal saman.

I 2021 gjekk prisen til Ungt Entreprenørskap Møre og Romsdal. «Organisasjonen jobbar innovativt med ei inkluderande arbeidsform som engasjerer og inkluderer mange både i privat næringsliv og verkemiddelapparatet i tillegg til ungdommane sjølve. Ungt Entreprenørskap gir barn og unge rom for skaparglede og mestringsfølelse», seier juryen i sin uttale. [Les meir om prisen på mrfylke.no](#)

Frivilligprisen

I frivilligåret 2022 vart 21 kandidatar frå heile fylket nominert til Frivilligprisen. Vinnaren av prisen vart Bjørg Bergem frå Averøy. I følgje juryen er prisvinnaren rett og slett eit godt medmenneske: I fleire år har ho invitert einslege til julaften og arrangert 17.mai-fest for heile kommunen, tillegg til omfattande dugnadsinnsats og frivillig arbeid på mange område, over lang tid. [Du kan lese meir om prisen på mrfylke.no](https://mrfylke.no)

Stipend

Idrettsstipend

Namn	Kommune	Sum
Leah Sophie Gallagher Støren	Molde	50 000
André M. Bertelsen Drege	Stranda	50 000
Hareid IL, turngruppa	Hareid	50 000

Kunstnarstipend

Namn	Kommune	Kunstart	Sum
Arbeidsstipend			
Karin Augusta Nogva	Ålesund	Visuell kunst	200 000
Martin Gjellestad	Molde	Film	200 000
Andre stipend			
Geir Brungot	Sykkylven	Visuell kunst	100 000
Lisette Escobar	Sula	Visuell kunst	40 000
Kim Åge Furuhaug	Volda	Musikk	100 000
Ole Andreas Silseth	Molde	Musikk	60 000
Ole-André Rønneberg	Sula	Film	100 000
Øystein Orten	Hareid	Litteratur	100 000
Einy Åm Sparks	Volda	Scenekunst	100 000